



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Kari Elster Moen, 5557 2370

Vår dato  
04.07.2014  
Dykkar dato

Vår referanse  
2013/463 421.3  
Dykkar referanse

Kommunal- og moderniseringsdepartementet  
Postboks 8112 Dep  
0032 Oslo

### **Oversending av sak for oppnemning av settefylkesmann - Lindås - Vabø - gnr 102 bnr 4 - omdisponering av areal til bustadføre mål**

Fylkesmannen viser til dei vedlagte saksdokumenta.

Plan- og miljøutvalet i Lindås kommune handsama saka i møte den 04.12.2013. Plan- og miljøutvalet ga dispensasjon frå byggeforbodet i 100-metersbeltet, og dispensasjon frå kommuneplanens arealdel med føresegner for oppføring av omsøkte tiltak.

Fylkesmannen i Hordaland har klaga på vedtaket i skriv datert 07.01.2014. Klagen er rettidig. Tiltakshavar har kommentert klagen ved skriv datert 20.02.2014.

Klagen vart handsama av Plan- og miljøutvalet i møte den 18.06.2014, der Lindås kommune sitt vedtak datert 04.12.2013 vart oppretthaldt og klagen ikkje tatt til følge.

Fylkesmannen i Hordaland kan ikkje sjå at det har kome nye opplysningar i saka som gjev grunnlag for å trekkje klagen.

Med tilvising til Miljøverndepartementet sitt rundskriv T-6/96 ber vi om at departementet oppnemner setjefylkesmann for handsaming av denne saka.

Med helsing

Arve Meidell e.f.  
seksjonsleiar

Kari Elster Moen  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:

Reknes Byggjevare LL	Selvåg	5986	HOSTELAND
Thomas Fjellsbø	Svehaugane 6	5955	LINDÅS
Takst & Eiendomstjenester AS v/ Vedaa	Skodvinvegen 112	5956	HUNDEVIN
Lindås kommune	Kvernhusmyrane 20	5914	Isdalstø